

- Bygda har ein logo!

06.05.2009



Bygda har allereie ein logo, påpeikar Kristian Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Bygda har allereie ein logo som kan nyttast av ulike grupper, men då med undertittel som høver med den aktuelle gruppa eller aktiviteten.**  
**Det påpeikar prosjektleiar Kristian Bringedal i Uskedalen Utvikling i ein kommentar til at Aktivitetshusets Damevenner ønskjer ein eigen logo og oppmøder folk til å vera kreative i den samanhengen.**

Bringedal vil opna for ei drøfting om bruk av felles logo. Der skal ein skilja mellom verksemder og etablerte organisasjonar som til dømes Uskedal trelastlager og Uskedal ungdomslag med bedriftslogo eller lagslogo og meir tidsprega interessesgrupper og støttegrupper som til dømes Damevennene.

- Så du vil at det skal satsast på logoen til Thor H. Myklebust med profilen av dei tre fjella...
- Ja, i ei samla profilering av Uskedalen rår eg til at vi gjer det. Logoen sier noko om fjella og landskapet og er godt innarbeidd lokalt og nasjonalt.

Lat meg minna om at den allereie vert nyttai inngangspartiet til Aktivitetshuset, på nettsida uskedalen.no, på slagordet 'Uskedalen - porten til Hardanger', på brødposen til Uskedalsbrødet og på plakaten 'Velkommen til sommarbygda Uskedalen'.

Logoen vil i tida framover vera eit samlande motiv i Uskedalen.

Firma og næringsdrivande har sine eigne logoar. Tiltak og aktivitetar, som det Damevennene står for, bør brukা vår felles logo, meiner Kristian Bringedal.

Av Ola Matti Mathisen